



Statens vegvesen

Aukra kommune
Nyjordvegen 12
6480 AUKRA

Behandlende enhet:
Region midt

Saksbehandler/telefon:
Vidar Neraas / 71274773

Vår referanse:
17/180048-6

Deres referanse:
2017/814-9

Vår dato:
09.09.2019

Uttale til reguleringsplan – Tahaugen næringspark – Aukra kommune

Statens vegvesen viser til deres brev datert 16.08.2019.

Statens vegvesen har ansvar for å sørge for at føringer i Nasjonal transportplan (NTP), Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, vegnormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringer blir ivaretatt i planleggingen. Vi uttaler oss som forvalter av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statlig fagmyndighet med sektoransvar innenfor vegtransport.

Saken gjelder

Formålet med reguleringsplanen er å legge til rette for utvikling av basen til entreprenørfirmaet Odd Småge AS sin virksomhet på Gossen.

Statens vegvesen har følgende merknader til reguleringsplanen

Samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging

Arealformålet er i samsvar med overordnet plan, og er en utvidelse av eksisterende virksomhet. Vi har derfor ikke merknader til arealbruken.

Tilknytting til fylkesvegnett

Vi uttalte til varsel om oppstart at man ved utvikling av området måtte se helhetlig på atkomstløsningen til området. Atkomstløsningen som er fremmet i planforslaget viderefører løsningene i vedtatt reguleringsplan, men avkjørselen i vest stenges for tungbiler og vil fungere som atkomst til parkering for ansatte og turgåere i området. Ut fra de stedlige og trafikale forholdne forholdene vil vi ikke motsette oss at en slik løsning videreføres.

Bestemmelser

I bestemmelse § 3.1 går det fram at oppføring av bebyggelse som er nødvendig for virksomheten kan tillates innenfor formålet. Vi merker oss at det kan etableres tankanlegg for drivstoff for virksomhetens behov, men det er også tatt med en setning om at man eventuelt kan selge drivstoff. Dette vil stride mot arealformålet i planen, og vi kan heller ikke se at salg av drivstoff er en del av virksomheten.

Parkering

Reguleringsplanen stiller kun krav til bilparkering for ansatte. For å fremme sykkel som transportmiddel, må det også stilles krav om etablering av et gitt antall sykkelparkeringsplasser, gjerne med takoverbygg og lademuligheter for el-sykkel.

Plankartet

Arealformålene i plankartet er lagt over gang- og sykkelvegen. For å synliggjøre eierforholdet i plankartet, skal gang- og sykkelvegen ligge over avkjørslene.

Konklusjon

Vi viser til våre merknader over og ber om at dette innarbeides i plankart og bestemmelser dersom vi skal kunne tilråde egengodkjenning.

Plan- og trafikkseksjonen

Med hilsen

Jan Gunnar Sandblåst
seksjonssjef

Vidar Neraas
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Aukra kommune
Nyjordvegen 12
6480 AUKRA

| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref: | Vår saksbehandlar: | Vår dato: |
|-------------|--------------|----------------------------------|----------------------------------|------------|
| 2017/814 | 16.08.2019 | 107184/2019/REGULERINGSPLAN/1547 | Anders Smith-Øvland, 71 28 02 41 | 23.09.2019 |

Aukra kommune - detaljregulering - reguleringsplan - Ny jord - Tahaugen gbnr 3/4, 12, 13, 18, 100 og 111 - fråsegn ved offentleg ettersyn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde ingen særskilte merknader.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Smith-Øvland
overarkitekt

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal



Aukra kommune
Kommunehuset Nyjordvegen 12
6480 AUKRA

Kristin Eide, 71 25 84 33

Aukra kommune

Reguleringsplan Tahaugen næringspark

Fråsegn ved offentleg ettersyn - motsegn

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Fylkesmannen i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Fylkesmannen sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Vi viser til vår fråsegn av 27.09.2019 der det ved ein feil har gitt delvis uttale til ei anna sak. Aukra kommune har gjort oss merksame på feilen og vi sender med dette retta utgåve av vår fråsegn ved offentleg ettersyn av reguleringsplan Tahaugen næringspark.

Fylkesmannen viser til Dykkar brev av 16.08.2019, der reguleringsplan for Tahaugen næringspark blir lagt ut til offentleg ettersyn, etter vedtak i Drift og arealutvalet den 14.08.2019, sak 34/19.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging – klima

Vi har ikkje vesentlege merknadar til arealbruken sidan formålet er i samsvar med kommuneplanen. I tillegg gjeld reguleringa utviding av eksisterande verksemd.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Fylkesmannen merker seg at planområdet ligg under marin grense. Planområdet ligg òg i eit område med marin strandavsetning, og NGU sine lausmassekart viser at det er stor moglegheit for marin leire. Vi kan derfor ikkje utelukke ustabil grunn.

I risiko- og sårbarheitsanalysen (ROS-analysen) har tiltakshavar kryssa for at det ikkje ligg føre risiko knytt ustabil grunn. Fylkesmannen kan ikkje sjå korleis ein har kome fram til denne konklusjonen.

Jamfør plan og bygningslova (pbl.) § 28-1 kan grunn berre byggast og eigedom opprettast eller endrast, dersom det ligg føre tilstrekkeleg tryggleik mot fare. Fylkesmannen saknar ei synleggjering av korleis ein har komme fram til at det ikkje er fare for ustabil grunn. Inntil det ligg føre dokumentasjon som sikrar trygg byggjegrund, jf. pbl. § 28-1, og tilstrekkeleg tryggleik mot ustabil grunn, jf. byggt teknisk forskrift (TEK17) § 7-3, har Fylkesmannen motsegn til planen.

Ved vurdering av ustabil grunn og fare for kvikkleire vil Fylkesmannen rå til at NVE sin rettleiar «Sikkerhet mot kvikkleireskred» vert nytta.

Støy

Det er støyretningsline T-1442/16 som skal leggst til grunn ved all planlegging. Hensikta bak ei konkret støyavklaring ved regulering er å forebygge støyplager for dei som bur i influensområdet kring ei potensiell støykjelde.

I planforslagetets føresegn § 1.4 er det formulert følgande støykrav: «For planområdet skal det sikres at støynivået ligger innanfor grensene gitt i lov og retningslinjer». Ei slik formulering avklarar ikkje støy for planområdet ut over det som allereie ligg i lova, og gir dermed ikkje ei vidare avklaring for dette planområdet.

Vi gjer merksam på at kring planområdet er det tre bustader innanfor ein radius på 150 meter. I tillegg er terrenget relativt flatt slik at lyden kan bære langt.

Med utgangspunkt i situasjonen til dei som bur i nærområdet er det viktig at planføresegna gir konkrete krav til akseptable støy nivå ved støyfølsam busetnad. For denne typen næring må ein sjå til støyretningsline T-1442 tabell 3 *Øvrig industri*. Som eit minimum må støykrav gitt i tabell 3 gå konkret fram av planføresegna. Enklast er å lime deler av tabellen inn i føresegna. Sjå under:

| Støykilde | Støy nivå på uteoppholdsareal og utenfor vinduer med støyfølsomt bruksformål | Støy nivå utenfor soverom, natt kl. 23-07 | Støy nivå på uteoppholdsareal og utenfor vinduer med støyfølsomt bruksformål, dag og kveld, kl 7-23 | Støy nivå på uteoppholdsareal og utenfor vinduer med støyfølsot bruksformål, lørdager | Støy nivå på uteoppholdsareal og utenfor vinduer med støyfølsomt bruksformål, søn-/helligdag |
|----------------|---|--|---|---|--|
| Øvrig industri | Uten impulslyd: L _{den} 55 dB og L _{evening} 50 dB Med impulslyd: L _{den} 50 dB og L _{evening} 45 dB | L _{night} 45 dB L _{AFmax} 60 dB | - | Uten impulslyd: L _{den} 50 dB Med impulslyd: L _{den} 45 dB | Uten impulslyd: L _{den} 45 dB Med impulslyd: L _{den} 40 dB |

For å ev. legge inn naudsynt støyskjerming i plankartet og/eller i planføresegna må det utarbeidast ei støyfagleg utgreiing som viser støybildet med dagens drift, og framskriven i tid. Rapporten må gi forslag til støyskjerming dersom det viser seg naudsynt, og vise effekten av desse.

Konklusjon

Fylkesmannen viser til T-1442/16 og har motsegn til reguleringsplanen for å vere trygg på at støyfagleg utgreiing blir utarbeidd og naudsynte støyskjermingstiltak blir forankra i reguleringsplanen på eigna måte. Det må settast konkrete krav til akseptable støynivå jamfør tabell 3 i T-1442/16.

Vi har i tillegg motsegn til planen inntil den dokumentarar tilstrekkeleg tryggleik mot ustabil grunn, jf. TEK17 § 7-3.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kristin Eide
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Martha Helle Dybo, tlf. 71 25 85 91
Forureina grunn: Anne Melbø, tlf. 71 25 85 15

Kopi:

| | | | |
|-------------------------------|--------------------------|------|-------|
| NVE | Postboks 5091, Majorstua | 0301 | OSLO |
| Møre og Romsdal fylkeskommune | Fylkeshuset | 6404 | Molde |
| Statens vegvesen | Postboks 8142 Dep | 0033 | OSLO |